



Notat

Til

Kopi til:

Saksbehandlar: Rådmann/Åse Elin Myking

Vår referanse: 19/1040 - 20/3748

Dato: 30.04.2020

Emne: Utlysing av stillinger - heiltid

Frå tid til anna kjem det spørsmål om kvifor stillinger ikkje er utlyste i 100%. Vaksdal kommune har eit uttalt mål om ha flest moglege tilsette i heile stillinger. Mogelegheit for oppauke av stilling når stillinger er ledige er også sentralt i lov og i avtaleverk for kommunal sektor.

Kommunen har eit internt stillingsutval der hovudtillitsvald er representert, og utvalet behandler alle ledige stillinger. Utvalet sjekkar mellom anna at ulike lovkrav er fylgt opp før utlysing. Om det er personar med rett til stilling/oppauke av stilling er eitt av krava som vert vurdert. Om vi har tilsette med rette kvalifikasjoner i redusert stilling kan denne har rett til å auke sin stilling 100%. Dette vil redusere stillingen som vert lyst ut tilsvarende om ikkje andre ledige stillinger kan kombinerast. Dette er vanleg prosedyre i alle kommunar.

Heiltid er målet i kommunen og i heile KS området. Dette vert det jobba med kontinuerleg i kommunen og leiarar og tillitsvalde arbeider godt saman. Over tid har stadig fleire fått større stilling, mange til 100%. Enkelte ynskjer og kan har rett til redusert stilling fast eller i perioder, dette lyt kommunen også ta omsyn til.

I mindre kommunar kan dette med mindre stillingsbrøkar vera utfordrande. Innan enkelte fagområde kan behovet for ein viss kompetanse/ressurs vera avgrensa. Slike stillinger lar seg ikkje alltid lett kombinere med andre grunna kompetansekrava til stillinger. Kommunen har erfarte leiarar som saman med tillitsvalde finn gode løysingar. I slike prosessar er det vesentleg at vi held oss til lov og avtaleverk og innanfor dei økonomiske rammene.

Gjennom tertialrapportar og årsmelding rapporterer rådmann årleg på korleis dette vert fulgt opp i kommunen.